

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 02.12.2021
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Kommunikasjons- og marknadsdirektør Bernt Flekke

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering, pkt. 1 Oppstart produksjon av salve og krem ved Sjukehusapoteket i Bergen**

ARKIVSAK: 2021/19
STYRESAK: 27/21

STYREMØTE: 09.12.2021

Oppsummering

Sjukehusapoteka Vest (SAV) startar snart med å levere salver og kremar til norske apotek. NAF-preparat er apotekframstilte legemidlar og handelsvarer tilgjengelege i norske apotek. NAF viser til Norges Apotekerforening, og det er Apotekerforeningen som har produkteigarskap for desse produkta på vegner av apotekbransjen gjennom ei serviceproduksjonsordning.

SAV har avtale med Apotekerforeningen om å ta over den delen av produksjonen som gjeld salver og krem. Produksjonen er lagt til Sjukehusapoteket i Bergen (SiB). Det har krevd ombygging av produksjonslokale, nytt utstyr og nye arbeidsprosessar - og salve- og kremproduksjonen på SiB er del av eit større utviklingsprosjekt på sjukehusapoteket.

No står to store maskiner, ein tubefyllar og ei emulgerinsmasking (blandemaskin), klare til produksjon, og snart er to-tre teknikarar og ein-to farmasøytar klare til å betjene dei. I byrjinga av desember pågår testing og validering av maskinene, for å sjå om dei fungerer som dei skal. Før jul satsar ein på å kome i gang med å produsere kvit vaselin til bruk i kosmetikk. Utover 2022 vil ein teste og validere andre kosmetiske produkt før ein tar dei inn i ordinær produksjon. Totalt skal ein etter kvart kome opp i 14 NAF-preparat som skal ut til apotek over heile landet. SAV søker også Legemiddelverket om tilverkarløyve for å tilverke legemiddel frå SiB. I tillegg er ein i gang med å sjå på andre område og produkt å utvikle frå dei nye maskinene i dei nye produksjonslokala.



Aleksandra Silic ser til at emulgeringsmaskina fungerer som den skal. Frå maskina kan ein lage batchar frå 30 til 150 kg.



Marianne Heggø Hansen viser fram eksempel på sluttproduktet. Desse vil få eit nytt design når den ordinære produksjonen startar.



Caroline Langhelle ved den nye tubefyllaren.



Aleksandar Cekic trykker på den nye tubefyllaren.

Alle foto: Øyvind Jacobsen Røen, Sjukehusapoteka Vest